

## ALPEROSERUST PÅ RODODENDRON

av FAGUS-rådgiver Venche Talgø, Halvor B. Gjærum, Arne Stensvand og Brita Toppe

I juni 2005 vart det funne angrep av alperoserust på rododendron i Hordaland. Soppen fører til skjemmaende, brunraude flekkar på oversida av blada. På undersida er flekkane fulle av goloransje sporar.

### Utbreiing, symptom og biologi

På verdsbasis er fjorten ulike artar av rustsopp registrerte på rododendron. Vanlegvis er dei ikkje noko stort problem, men nokre rododendron-artar og -sortar kan verta hardt ramma.

Alperoserust (*Chrysomyxa ledi* var. *rhododendr*) vart i juni 2005 funnen i Hordaland på *Rhododendron* 'Dora Amateis', *R.* 'Red Carpet' og myrterododendron (*Rh. myrtifolium*). På oversida av angripne blad var det raudbrune flekkar. På undersida av blada var flekkane fulle av goloransje sommarsporar (uredosporar).

På myrterododendron var det som bildet syner ein gul ring eller sone kring flekkane på oversida av blada og ei grøn sone på undersida. Blad med sterke angrep ramla lett av plantene ved berøring.

Her i landet er alperoserust registrert ved fleire høve relativt langt attende i tid, men har truleg ikkje spreidd seg nemneverdig på grunn av ugunstig klima. I Norsk SoppDatabase frå Universitetet i Oslo ligg det inne ni registreringar, tre frå Akershus og sju frå Aust-Agder. Funna i Akershus var på Tyrol-rododendron (*R. hirsutum*), medan funna i Aust-Agder også var på *Rhododendron wilsonii* og rustrododendron (*R. ferrugineus*).

Det eldste rapporterte funnet av alperoserust i Noreg var på importert (truleg til Tromsø) rododendron dyrka i potte (Blytt 1896). I herbariet ved Plantevernet fins det materiale av alperoserust på *R.* 'Curlev' frå import til Lier, *Rhododendron* sp. frå Klepp, *Rhododendron* sp. frå

Kristiansand, Tyrol-rododendron frå Ås, rust-rododendron frå Dønna og på fleire rododendron-artar frå Grimstad (rustrododendron, Tyrol-rododendron, *R. wilsonii*, *R. laetevirens* og truleg *R. dauricum*). Det meste av dette materialet er samla inn i perioden 1944 til 1961.

Alperoserust er rapportert frå mange land på den nordlege halvkule (Europa, Nord-Amerika og Asia). Roane (1986) skriv at alperoserust er funnen på 51 ulike artar av rododendron, og at denne soppen er problematisk på kultivert rododendron i fuktig klima på vestkysten av Nord-Amerika.



Bladflekkar på grunn av alperoserust på *Rhododendron* 'Dora Amateis'. Hordaland, juni 2005.



Symptom på alperoserust på over- og underside av eit blad frå *Rhododendron* 'Dora Amateis'

Rustsoppar har ofte vertskifte med andre planteartar for å få fullført livssyklusen sin. Alperoserust kan gå på gran (*Picea* spp.) og føra til nålefall, men slikt vertskifte er ikkje påvist i Noreg (ingen funn av Vintersporar/teleutosporar). I mildt klima vil alperoserust likevel kunna overleva vinteren utan teleutosporar ved hjelp av sopptrådar (mycel) i rododendronblad. Neste vår vil desse sopptrådane kunna veksa vidare og infisera nytt bladverk. Også uredosporar kan infisera året gjennom dersom klimaet er høveleg. Sporane spirer ved 15 – 20 °C, høg relativ luftfukt og låg lysintensitet.



Skade av alperoserust på *Rhododendron myrtifolium*

### Tiltak

For å redusera smittepresset bør infiserte blad fjernast og brennast. Soppsporane er avhengige av fukt for å spira. God lufting slik at bladverket tørkar snøggare etter nedbør, doggfall og vatning vil gjera det vanskelegare for soppen å etablere seg. Men då rododendron er ei plante som trivest godt i både skugge og fuktig klima, er truleg det beste tiltaket å velja artar og sortar som er sterke mot alperoserust. Vi har ingen liste over resistente rododendron-artar og -sortar, men truleg er *R. 'Dora Amateis'*, *R. 'Red Carpet'* og *R. myrtifolium* svake mot alperoserust. Mange andre rododendron-artar og -sortar som stod saman med desse der prøvane vart tatt ut i Hordaland var heilt symptomfrie.

Ved Plantevernet vil vi gjerne få tilsendt plantemateriale dersom det er mistanke om rustsopp på rododendron. Oppgi lokalitet, art og sort.

### Les meir

Blytt, A. (1896). Bidrag til kundskaben om Norges sopparter. IV. Peronosporaceæ, Chytridiaceæ, Protomycetaceæ, Ustilagineæ, Uredineæ. A. W. Brøggers bogtrykkeri. 75 s.  
Roane, M. K. (1986). Rusts. Side 26-29 i D. L. Coyier og M. K. Roane (red.) Compendium of Rhododendron and Azalea Diseases. APS Press. 65 s.

Venche Talgø og Britta Toppe er begge forskere ved Bioforsk Plantehelse. Arne Stensvand er seniorforsker og forskningsleder same sted.

Foto: Venche Talgø.

Dette kunnskapsbladet er tidligere utgitt som FAGUSFakta nr. 11.

Fakta-serien er et tilbud for abonnenter hos FAGUS Rådgivning. Copyright FAGUS. Ettertrykk er ikke tillatt.